



HJELMELAND
KOMMUNE




Handlingsplan om førebygging av sjølvskading og sjølvmord

HJELMELAND KOMMUNE

2022 - 2026

VEDTEKEN I KOMMUNESTYRET, SAK 045/22



Innhald

1.	Bakgrunn	2
2.	Formål og målsetting.....	3
3.	Omgrep, førekomst og smitteeffekt.....	4
3.1.	Sjølvskading	4
3.2.	Sjølvmordsforsøk.....	4
3.3.	Omfang av sjølvskading og sjølvmordsforsøk	5
3.4.	Smitteeffekt.....	7
3.4.1.	Smitteeffekt sjølvskading	7
3.4.2.	Smitteeffekt sjølvmord.....	7
3.4.3.	Sosiale media/nettsider.....	8
4.	Tiltak og ansvar.....	9
	Mål 1: Systematikk og heilskap i det sjølvmordsførebyggjande arbeidet.....	10
	Mål 2: Trygg kommunikasjon om sjølvmord	11
	Mål 3: Begrensa tilgong til metode for sjølvmord.....	12
	Mål 4: God hjelp og gode behandlingsforløp for menneske i sjølvmordsrisiko.....	13
	Mål 5: Umiddelbar og langvarig oppfølging av etterlatte etter sjølvmord	14
	Mål 6: Betre tal for førekomst, auka forsking, kunnskap og kompetanse om sjølvmordsførebygging	15
5.	Aktuelle hjelpeinstansar	16
	Meir informasjon.....	17
	Referansar	18
	Vedlegg	19
	Handlingsplan for førebyggjande arbeid 0 – 18 år, Hjelmeland kommune 2022 – 2026	19

1. Bakgrunn

Sjølvskading og sjølvmord er ei nasjonal folkehelseutfordring, og det har dei siste tiåra vorte jobba betydeleg med sjølvmordsførebyggjande arbeid. Til tross for dette har sjølvmordsrata helde seg relativt stabil dei siste 20 åra. [Regjeringa har i sin nasjonale handlingsplan for førebygging av sjølvmord for perioden 2020 – 2025](#) innført ein nullvisjon for sjølvmord, og ynskjer med det å formidla eit verdisyn om at me som samfunn ikkje har nokon å miste i sjølvmord.

Sjølvmordsførebygging er eit felles ansvar for samfunnet og for tenestane, og nullvisjonen skal vera på samfunnsnivå. Kommunen har plikt til å førebygge, avdekke, avverge, behandle og følge opp sjølvskading og sjølvmordsforsøk. Dette inngår som ein del av kommunen sitt sørge-for-ansvar for eigne innbyggjarar, sjå [helse- og omsorgstjenestelova § 3-1, jf. § 3-2 \(lovdata.no\)](#). Ansvaret ligg på alle relevante tenestar innføre communal helse- og omsorgsteneste.

[Regjeringa seier også at utbreiinga av sjølvskading blant unge er stor. Førekomsten er høgst hjå jenter i tenåra, men gutter skadar seg også. Sjølvskading startar oftast i alderen 12 til 15 år, men kan også oppstå tidlegare eller seinare, og problematikken kan vera forbıgåande eller langvarig. Det er overlapp mellom ein del tiltak for å førebygge sjølvskading og sjølvmord, og sjølvskading er ein risikofaktor for sjølvmord. Sjølvskading er tema mellom anna i Prop. 121 S \(2018–2019\) Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse \(2019–2024\).](#)

Også i fylkestinget i Rogaland er det vedteke eit ynskje om nullvisjon for sjølvmord, og [Rogaland fylkeskommune har laga ein intern handlingsplan for å fremje psykisk helse og førebygge sjølvmord for perioden 2021 – 2028](#). Gjennom fylkeskommunen sitt partnarskap om folkehelse, som Hjelmeland kommune er ein del av, vert kommunane oppfordra til å laga handlingsplanar for å førebygge sjølvskading og sjølvmord.

Me veit at nasjonale utfordringar også oppstår i små lokalsamfunn, sjølv om ein ikkje alltid høyrer så mykje om dei. Med færre innbyggjarar vert statistiske tal fort unнатlege offentlegheit, i fare for at ein ikkje klarer halde enkeltindividua anonyme. Dette kan bidra til at det er vanskelegare å setje den aktuelle tematikken på dagsorden, og ein kan få ei oppleving av at det ikkje finnes slike utfordringar i vår kommune. Dette stemmer sjeldan. Sjølv om det er færre som opplever noko, kan omfanget prosentvis vera like stort som i ein storby, og det er ikkje mindre viktig å arbeide førebyggjande i dei små lokalsamfunna.

Ulike kommunale einingar i Hjelmeland har signalisert at det er ynskjeleg med ein handlingsplan om det førebyggjande arbeidet med sjølvskading og sjølvmord. Det er ynskjeleg med ein lettfatteleg plan, som gjer arbeidet oversiktleg og konkret. Arbeitsgruppa, som består av kommuneoverlege, einingsleiar helse, leiande helsesjukepleiar og SLT- og folkehelsekoordinator har drøfta og forsøkt ulike måtar å bygge opp planen på for å oppnå dette. Me har laga ein handlingsplan kor tiltaka kanskje kan oppfattast som generelle, og nokon vil kanskje meine det burde vore meir ansvarsfordeling og tydelegare tidshorisont. Målet med dette er ein plan som syner at **å førebyggja sjølvskading og sjølvmord er noko alle kan bidra til kontinuerleg**, ikkje berre nokre få einingar og innan ein viss tidsfrist.

Med dette som bakgrunn har me no utarbeida ein handlingsplan om førebygging av sjølvskading og sjølvmord for Hjelmeland kommune for perioden 2022 - 2026, som me vonar vil vera nyttig for både kommunalt tilsette, frivillige lag og organisasjonar og alle dei andre medmenneska som bur og oppheld seg i kommunen vår.

2. Formål og målsetting

Formålet med planen er at innbyggjarane i Hjelmeland kommune skal ha ei god psykisk helse og leva gode liv. Det vert allereie gjort svært mykje godt arbeid for å fremja den psykiske helsa i kommunen, og det er mange som bidreg til dette, både innan dei ulike kommunale tenestene, blant frivillige lag og organisasjonar, det private næringslivet og dei som bur og har hytte i Hjelmeland. Desse bidraga er også ein del av arbeidet med å førebygge sjølvskading og sjølvmord, men gjennom denne planen ynskjer me å konkretisere tiltak som i endå større grad rettar seg direkte mot dette området.

Regjeringa har i sin handlingsplan fastsett seks ulike mål:

Mål 1: Systematikk og heilskap i det sjølvmordsførebyggjande arbeidet

Oversikt over innsatsen og god koordinering på tvers av sektorar.



Mål 2: Trygg kommunikasjon om sjølvmord

Auke kunnskapen om sjølvmordstematikk i befolkninga, redusere stigma og få fleire til å söke hjelp.

Mål 3: Begrensa tilgang til metode for sjølvmord

Tiltak der ein på ulikt vis forsøker å gjere metodar for sjølvmord mindre tilgjengelege.

Mål 4: God hjelp og gode behandlingsforløp for menneske i sjølvmordsrisiko

Det er ei utfordring å få personar, spesielt menn, til å söke hjelp ved krise. Det er viktig at det vert nytta kunnskapsbaserte intervensionar i det sjølvmordsførebyggjande arbeidet.

Mål 5: Umiddelbar og langvarig oppfølging av etterlatte etter sjølvmord

Det er viktig at etterlatte får naudsynt hjelp og støtte. Umiddelbar og langvarig oppfølging er også sjølvmordsførebyggjande ettersom sjølvmordsetterlatte har auka risiko for sjølv å ta livet sitt.

Mål 6: Betre førekommsttal, auka forsking, kunnskap og kompetanse om sjølvmordsførebygging

Et godt kunnskapsgrunnlag er basis for godt sjølvmordsførebyggjande arbeid.

I Hjelmeland kommune vel me å ta utgangspunkt i desse måla, og målsettinga vår er at me skal ha jamleg fokus på dette arbeidet, samt gode tiltak som gjer at me kan arbeida systematisk med å førebyggja sjølvskading og sjølvmord for å bidra til at regjeringa når sin nullvisjon for sjølvmord.

3. Omgrep, førekomst og smitteeffekt

3.1. Sjølvskading

Sjølvskading vert definert som skade ein person har påført seg med vilje, utan intensjon om å døy. Det kan vera kutting, kloring, å slå seg sjølv, brenning, overdosering og anna. Den som sjølvskadar kan nytte ein eller mange metodar, og den medisinske farlegheitsgrada varierer frå overflatiske småskadar til livstruande skadar.



[Faktafilm om sjølvskading \(ui.no\).](#)

Undersøkingar syner at det for enkelte kan vera ein samanheng mellom sjølvskading og andre typar sjølvdestruktivitet som spiseforstyrringar, skadeleg rusmiddelbruk eller annan risikoåtfred.

Det kan vera mange forskjellige årsaker til at ein skadar seg sjølv, og årsakene varierer frå person til person. På den eine sida kan sjølvskading dreie seg om å meistre overveldande følelsar, som til dømes angst eller tristheit. På den andre sida kan sjølvskading ha ein mellommenneskeleg funksjon, der det å auke støtta eller unngå urimelege eller uønska krav er funksjonen.

Ein oversiktartikkel om sjølvskadinga sin funksjon syner at dei to viktigaste årsakene personen sjølv oppgjev er at sjølvskading dempar følelsar, deretter det å påverke andre. Langt sjeldnare vert det oppgitt årsaker som å straffe seg sjølv, ynskje om å døy, eller få positive opplevingar.

For kjelder og meir informasjon sjå denne lenka frå helsedirektoratet sine [nettsider om førebygging av sjølvskading](#).

The image shows the cover of a booklet titled "Selvskading og selvmord – veilederende materiell for kommunene om forebygging". It features the logo of Helseforetaket and three stylized human figures in blue on a dark background.

3.2. Sjølvmordsforsøk

Sjølvmordsforsøk vert definerte som handlingar med hensikt å skade seg sjølv, der det kjem fram at det er eit ynskje om å døy. Metodane ved sjølvmordsforsøk skil seg ofte frå metodane ved sjølvskading. Ved sjølvmordsforsøk ser ein hyppigast overdosering med medikament. Sjølvmordsforsøk kan opptre som enkelthendingar, men mange har også gjennomført fleire sjølvmordsforsøk.

Årsakene til at ein person forsøker å ta sitt eige liv er ofte samansette. Det vil ofte vera meir enn ein risikofaktor til stades når ein person tek initiativ til å ta sitt eige liv. Mange opplever ein kombinasjon av fleire forhold samtidig, som har ført til ei oppleving av håpløyse og ein følelse av å ikkje meistre

livet. Når fleire risikofaktorar opptrer samtidig, kan risikoene auke. Andre kan ha akutte tilstandar som fører til impulsive handlingar.

Det er viktig å huske på at det store fleirtalet av personar som erfarer å ha ein eller fleire risikofaktorar til stades i livet sitt, ikkje tek sitt eige liv.

For kjelder og meir informasjon sjå denne lenka frå helsedirektoratet sine [nettsider om førebygging av sjølvmort](#).

3.3. Omfang av sjølvskading og sjølvmordsforsøk

Då Hjelmeland er ein kommune med få innbyggjarar er det på grunn av anonymitet ikkje mogleg å offentleggjere tal som syner førekomsten av sjølvskading og sjølvmordsforsøk, men me veit at det førekjem også i vår kommune. Sjølvmort kan i statistikken også hamna i ei gråzone mellom ulukke og sjølvmort, og det kan dermed bli rapportert med ein annan dødsårsakskode enn det gjerne skulle vore.


Generelt sett syner forsking at eit gjennomsnitt på 18 prosent av ungdom mellom 12-18 år (internasjonale tal varierer frå 13 – 23 prosent) og 4 prosent av vaksne oppgjer at dei har skada seg sjølv med vilje. Anslaga varierer frå land til land, og er høgast om ein spør detaljert om sjølvskadeåtferd. Førekomsten er høgast hos kvinner i tenåra, men gutter og menn skadar seg også. Nokre studiar syner at menn og kvinner sine sjølvskademetodar skil seg noko frå kvarandre.

Sjølvskading startar ofta i alderen 12 til 15 år, men kan også oppstå tidlegare eller seinare. Problematikken kan vera forbigåande eller langvarig.


Det vart rapportert om ei auke i sjølvskading i førra tiår, men det er usikkert om dette skuldas ei reell auke, auka merksemd om fenomenet, eller meir forsking og betre registrering.

Me har inga systematisk registrering av sjølvmordsforsøk her i landet, men berekningar syner at helsetenesta behandler mellom 4000 og 6000 sjølvmordsforsøk årleg. Talet er usikkert. Anslaget er gjort av Folkehelseinstituttet på grunnlag av data frå Norsk Pasientregister, samt WHO/EURO-registreringa av ynskja eigenskade i Sør-Trøndelag for åra 1995-1999. Anslaga på førekomst syner at fleire kvinner enn menn oppgjer å ha gjennomført sjølvmordsforsøk, og at førekomsten er høgast blant unge kvinner i overgangen mellom sein ungdom og tidleg voksen alder. Ei landsomfattande norsk undersøking av ungdom, syner at om lag åtte prosent ein eller annan gong har forsøkt å ta livet sitt.

Tala under syner at Rogaland ligg ca. på gjennomsnittet når det gjeld antal sjølvmort. Ser me på den nedste tabellen ser me antal sjølvmort fordelt etter kjønn. Tala svingar noko frå år til år, dette har sannsynlegvis med tilfeldigheter å gjera. Tala er så små at dei ikkje er statistisk signifikante.



Figur 1: Antal sjølvmord, fylkesnivå og i Norge, fordelt etter kjønn, i 2020. Kjelde: Dødsårsakregisteret/FHI



Figur 2: Antal sjølvmord i Rogaland, fordelt etter kjønn, i perioden 2010 – 2020. Kjelde: Dødsårsakregisteret/FHI

Kjelder og meir informasjon: [Selvkading og selvmord – veiledende materiell for kommunene om forebygging](http://www.helsedirektoratet.no), www.helsedirektoratet.no

3.4. Smitteeffekt

3.4.1. Smitteeffekt sjølvskading

Sjølvskading kan vera sosialt overførbart. Å høyre om eller sjå andre som skadar seg sjølv, kan påverke personar til å prøve sjølvskading, eller få personar som tidlegare har skada seg sjølv til å gjera dette på nytt. Dette har ein særleg sett i behandlingsinstitusjonar og i enkelte ungdomsmiljø. Dersom sjølvskading er omtalt i media eller i populærkulturen på ein romantiserande måte, eller det vert gitt detaljert beskriving av sjølvskademetodar, har ein sett tilsvarende «smitteeffekt».

Det er ikkje funne smitteeffekt av noktern omtale av sjølvskading i heilskaplege psykoedukative program (det vil seie behandling av psykiske lidingar ved hjelp av pedagogiske prinsipp), ferdigheitsgrupper, eller i andre opplæringsprogram der sjølvskading vert beskrive som eit problem og ikkje ei løysing.

Nokre gonger oppstår det situasjonar, til dømes på ein skule, der det kan sjå ut til at sjølvskading smittar. Samarbeid mellom kommune og spesialisthelseteneste vil då vera viktig. Nokre av ungdommane vil allereie kunne vera i kontakt med spesialisthelseteneste, medan andre har ein problematikk som kan behandlast innan kommunen sitt helse- og omsorgstilbod.

Eit samarbeid mellom helsesjukepleiar, psykolog i kommunen, aktuelle behandlarar på barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP), aktuelle behandlarar ved distriktspsykiatriske senter (DPS) eller andre kontaktpersonar i spesialisthelsetenesta, er viktig med tanke på å drøfte tiltak.

Kjelder og meir informasjon: [Selvkading og selvmord – veiledende materiell for kommunene om forebygging](#), [www.helsedirektoratet.no](#)

3.4.2. Smitteeffekt sjølvmord

Enkelte sjølvmord kan verta utløyste av at ein høyrer om andre sitt sjølvmord. Menneske som allereie har det vanskeleg eller er i ein spesielt sårbart situasjon, er mest utsette. Auka førekommst av sjølvmord innan ein avgrensa tidsperiode i eit geografisk avgrensa område, ver omtala som cluster.

Enkelte clustersjølvmord opptrer på tvers av geografiske område, ei slik midlertidig auke er ofte relatert til omtale av sjølvmord i media. Dette gjeld særleg dersom sjølvmord vert omtalt på ein romantiserande måte, eller at det vert gitt beskriving av metodar. Slik smitte har ikkje eit stort omfang, men det er viktig å vera merksame på dette.

Ungdom i skulealder er spesielt sårbare for smitteeffekt av eit sjølvmord. Barne- og ungdomstida kan i seg sjølv vera ei tid der det er vanskeleg å meistre sterke følelsar. Mindre livserfaring og begrensa modenheitsnivå gjer at mange ungdommar strevar med å handtera sterke følelsar. Mange strevar difor spesielt etter eit dødsfall i nettverket, og dei kan lettare verta påverka av andre sin sjølvmordsåtferd.

Det å kartlegge og spør personar med antatt auka risiko er i seg sjølv anbefalt for å forhindre smitte. Nokon kan vera bekymra for at det å spør personar om dei har sjølvmordstankar kan skape auka impuls til å ta sitt eige liv. Både forsking og erfaring syner at det å snakke ope med nokon andre om sjølvmordstankar og handlingar i ein ivaretakande og fortruleg samtale ikkje er forbunde med risiko.

Kjelder og meir informasjon: [Selvkading og selvmord – veiledende materiell for kommunene om forebygging](#), [www.helsedirektoratet.no](#)

3.4.3. Sosiale media/nettsider

Bruk av internett gjev ei spesiell utfordring med omsyn til sosial overføring/smitte. Internett tilbyr store mengder sjølvskaderelatert materiale både i tekst, bilete og video. Nokon legg ut bilete av eiga sjølvskading på sosiale media, og ulike nettfora der sjølvskading vert drøfta er av ein slik karakter at dei vert vurderte til å bidra til at sjølvskading vert normalisert og til og med oppmuntrar til det.

Helsejukepleiarar, lærarar og andre som er i kontakt med barn og unge, bør ha kjennskap til internetsider kor sjølvskading vert kommunisert og drøfta.

Ein kan bevisstgjera personar på korleis bruk av ulike nettfora kan forsterke sjølvskading som meistringsmetode. Ein bør, i tillegg til å sørge for rett oppfølging av vedkommande i hjelpetenestene i kommunen og eventuelt spesialisthelsetenesta, kunne henvise til brukarorganisasjonar eller hjelpe telefonar der personen kan få hjelp til å komme ut av sjølvskading.

I regjeringa sin [handlingsplan for forebygging av sjølvmort](#) beskriv dei retningslinjene [#Chatsafe – en ung persons veileding for å kommunisere trygt om selvmord på nettet](#). Desse gjev råd og tips om språkbruk og biletbruk, korleis ein kan dele personlege erfaringar med sjølvmortsåtferd og korleis ein kan snakke med nokon som er ramma av sjølvmortstankar, -følelsar eller -åtferd. #Chatsafe er utvikla av det australske forskings- og intervensjonsmiljøet Orygen, og oversett og tilpassa til norske forhold av NSSF i samarbeid med Psyktærlig, eit Snapchat-kollektiv som deler erfaring og råd knytt til psykisk helse. Facebook og Instagram har inkludert rettleiare i sine sikkerheitsressursar.



Kjelder og meir informasjon: [Sjølvskading og selvmord – veilededende materiell for kommunene om forebygging](#), www.helsedirektoratet.no

4. Tiltak og ansvar

Det vert gjort mykje godt førebyggjande arbeid i kommunen vår, både internt i kommunale einingar, av næringsliv, samt i frivillige lag og organisasjonar. Det er ikkje lett å lage ei oversikt over kva som er førebyggjande tiltak mot sjølvskading og sjølvmort. Alt som legg til rette for at innbyggjarane kan vera i aktivitet og vera sosiale, til dømes ved å gå i barnehagen, på skulen eller på jobb, eller ta del i frivillig arbeid, er førebyggjande! Å leggja til rette for at alle kan ta gode val som gjer dei ei god fysisk og psykisk helse er viktig!

Tiltaka i denne planen er ei blanding av eksisterande tiltak me vil fortsetje med, samt nye tiltak me meiner er nyttige. I all hovudsak nemner me i denne oversikta det som Hjelmeland kommune sine einingar er ansvarlege for, då denne handlingsplanen først og fremst er eit verkty for desse einingane. Mange av tiltaka er likevel så generelle at dei kan kopierast, både av næringslivet og frivillige lag og organisasjonar. Forhåpentlegvis kan dei også inspirera enkeltpersonar til å førebyggje sjølvskading og sjølvmort.



Mål 1: Systematikk og heilskap i det sjølvmordsførebyggjande arbeidet

Mål 1 skal gje oss oversikt over innsatsen og god koordinering på tvers av sektorar.

Tiltak:	Utfyllande informasjon:	Hovudansvar:
Følgje opp og revidere handlingsplan for førebyggjande arbeid 0 – 18 år i Hjelmeland kommune 2022 – 2026, årleg.		Aktuelle einingsleiarar/SLT- og folkehelsekoordinator
Legge til rette for eit aktivt kultur og organisasjonsliv i Hjelmeland kommune.	<ul style="list-style-type: none">Spesielt fokus på uformelle møteplassar, for å førebyggja einsemd.Jamleg revidering av frivilligstrategien.	Kulturleiar/leiar av Hjelmeland frivilligsentral
Følgje opp og arbeidet med «Leve hele livet»-reforma.	<ul style="list-style-type: none">Spesielt fokus på uformelle møteplassar, for å førebyggja einsemd.Oppfølging av heimebuande eldre.	Aktuelle einingsleiarar/ spesialkonsulent, helse og omsorg
Leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette i Hjelmeland kommune.		Aktuelle einingsleiarar/den enkelte tilsette

Mål 2: Trygg kommunikasjon om sjølvmord

Mål 2 skal auke kunnskapen vår om sjølvmordstematikk i befolkninga, redusere stigma og få fleire til å soke hjelp.

Tiltak:	Utfyllande informasjon:	Hovudansvar:
Årlig kunnskapsdeling i alle einingar i kommunen.	Korleis fange opp og hjelpe personar med tankar, planar om eller forsøk på sjølvmord. Aktuelle tilbod: <ul style="list-style-type: none">• «Psykisk helse på arbeidsplassen» v/helseeinininga• Kurs i belastningsmestring (KIB-kurs) v/helseeinininga• Vivat-kurs om sjølvmordsførebygging• E-læringskurs i sjølvmordsrisikovurdering frå Senter for Selvmordsforskning og -forebygging	Einingsleiarar
<u>Nytte UDIR sine ressursar i arbeidet med å førebyggje sjølvskading og sjølvmord.</u>		Tilsette på skulane
Oppdatert informasjon på <u>www.hjelmelandkommune.no</u> .		Informasjons-ansvarleg/leiar for helseeinininga
Markere verdsdagen for sjølvmordsførebygging, 10. september.		Avd. for psykisk helse
Kunnskapsdeling for landbrukstenestar og næringsliv, mellom anna på nettverksmøter og gjennom «Bondeposten».		Plan og forvaltning

Mål 3: Begrensa tilgong til metode for sjølvvmord

Mål 3 skal hjelpe oss å gjere metodar for sjølvvmord mindre tilgjengelege.

Tiltak:	Utfyllande informasjon:	Hovudansvar:
Hjelpe personar å levere inn våpen ved behov.	<ul style="list-style-type: none">Vidareformidla bekymringsmeldingar til politiet, som igjen kan fatte vedtak om inndragning av våpen.	Helseeininger/politi
Inneha kompetanse om sjølvvmordssikring.		Bygg og anlegg



Mål 4: God hjelp og gode behandlingsforløp for menneske i sjølvmordsrisiko

Mål 4 skal hjelpe oss til å nytte kunnskapsbaserte intervensionar i arbeidet med å førebyggja sjølvskading og sjølvmord, slik at me får personar til å søke hjelp ved krise.

Tiltak:	Utfyllande informasjon:	Hovudansvar:
Sjå det enkelte mennesket! Hjelpe dei å meistre livssituasjonen dei er i, og ha fokus på å ivareta den psykiske helsa.		Alle tilsette
Følgje opp barn og unge som sjølvskadar/har ynskje om det, eller som fortel om sjølvmordstankar.	<ul style="list-style-type: none"> • Følge rutinar den enkelte eininga har når dei oppdagar at nokon er i ein vanskeleg situasjon. • Aktuelle einingar kan henvise til rett instans. 	Alle tilsette som er i kontakt med barn og unge.
Ha fysiske møte når ein arbeidar med sårbare personar, og planlegg møter med agenda i god tid for å skape forutsigbarheit.		Alle einingar
Hjelpe personar å søke hjelp og ta imot behandling.	<ul style="list-style-type: none"> • Aktuelle einingar kan hjelpe brukarar å lage kriplan. • Aktuelle einingar kan henvise til rett instans. 	Alle tilsette
Kartlegg om brukarar er i sjølvmordsrisiko, gjennom samtale. Sende bekymringsmelding til fastlege ved behov.		Helse og omsorgseininga

Mål 5: Umiddelbar og langvarig oppfølging av etterlatte etter sjølvmort

Mål 5 skal hjelpe oss å ha eit system for at sjølvmortsetterlatte får naudsynt hjelp og støtte, mellom anna fordi dette også er sjølvmortsførebyggjande.

Tiltak:	Utfyllande informasjon:	Hovudansvar:
Arbeide tverrfagleg for å følgje opp både pårørande og etterlatte.	<ul style="list-style-type: none">Ha rutinar for å følgje opp over tid, også dersom nokon takkar nei til hjelp.	Alle involverte eininger – eller eininger som kan bli involverte på sikt.
Sikre pårørande og etterlatte god sjukefråversoppfølging, arbeidsavklaringspengar (AAP) og sosialhjelp ved behov.		NAV
Imøtekome informasjonsbehov til pårørande og etterlatte.	<ul style="list-style-type: none">Gjennomgong av sak i ettertid, osb.Vurdere oppretting av pårørandekontakt	Helseeinininga/Politi



Mål 6: Betre tal for førekomst, auka forsking, kunnskap og kompetanse om sjølvmordsførebygging

Mål 6 skal hjelpe oss å ha eit godt kunnskapsgrunnlag som basis for å få til eit godt sjølvmordsførebyggjande arbeid

Tiltak:	Utfyllande informasjon:	Hovudansvar:
Systematisk oversikt i det løpende folkehelsearbeidet, samt tiltak og evaluering.	Nytte ulike kjelder, mellom anna kommunehelsa statistikkbank , Ungdataundersøkingar og elevundersøkingar.	SLT- og folkehelsekoordinator
Rutinar for å vurdere sjølvmord som dødsårsak.		Fastlege
Hente ut statistikk og informasjon i saker som omhandlar sjølvmord, for å gje betre beslutningsgrunnlag i forbindelse med målretta tiltak.		Politi/helseeininger
Følgje opp og revidere handlingsplan om førebygging av sjølvskading og sjølvmord årleg.		Einingsleiarar/SLT- og folkehelsekoordinator



5. Aktuelle hjelpeinstansar

RING 113

Du skal alltid ringe 113 ved akutt fare for sjølvmort. Ring heller ein gong for mykje enn ein gong for lite!

Helsenorge

[Nettside til Helsenorge](#)

- [Har du sjølvmortstankar?](#)
- [Er du bekymra for andre?](#)

Legevakta

Telefon: 116117

[Nettside til legevakta](#)

Alarmtelefon barn og ungdom

Telefon: 116111

[Nettside til alarmtelefonen](#)

Mental helse

Hjelpe telefonen: 116 123

Foreldresupport: 116 123 (tast 2)

Studenttelefonen: 116 123 (tast 3)

Arbeidslivstelenon: 225 66 700

[Nettside til mental helse](#)

Politi

Telefon sentralbord: 02800

[Nettside til politiet](#)

Telefon sentralbord Sør-vest politidistrikt/Søre Ryfylke lensmannskontor: 51 89 90 00

E-post: post.sor-vest@politiet.no

Telefon politikontakt: 93 02 13 56

E-post til politikontakt: jostein.flatebo@politiet.no

Hjelmeland kommune

Telefon sentralbord: 51 75 00 00

Telefon legekontor Hjelmeland (kl. 9-12 og kl. 13-15): 51 75 71 00

Legevakt Hjelmeland (heile døgnet): 116117

[Nettside til Hjelmeland kommune](#)

- [Er du i ein vanskeleg situasjon?](#)

Meir informasjon

- www.rvts.no - RVTS (Ressurssenter om vold, traumatiske stress og sjølvmordsførebygging)



Referansar

Nasjonal handlingsplan for forebygging av sjølvmort 2020 – 2025:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/ef9cc6bd2e0842bf9ac722459503f44c/regjeringens-handlingsplan-for-forebygging-av-selvmord-2020-2025.pdf>

Helse og omsorgstenestelova:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30/KAPITTEL_3#%C2%A73-1

www.regjeringa.no, forebygging av selvmord og selvskading

<https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/psykisk-helse/innsikt/forebygging-av-selvmord-og-selvskading/id2876038/>

Prop. 121 S (2018–2019), Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse 2019–2024:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-121-s-20182019/id2652917/>

Rogaland fylkeskommune, Handlingsplan – fremme psykisk helse og forebygge selvmord 2021-2028:

<https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/folkehelse-friluftsliv-og-universell-utforming/handlingsplan-fremme-psykisk-helse-og-forebygge-selvmord-2021-2028/handlingsplan-for-forebygging-av-selvmord/>

Universitet i Oslo, faktafilm om sjølvskading:

<https://www.med.uio.no/klinmed/forskning/sentre/nssf/kunnskapsressurser/fakta-selvmord-selvskading/selvskading/faktafilm/index.html>

www.helsedirektoratet.no, Selvskading og selvmord – veilede materiell for kommunene om forebygging:

<https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/selvskading-og-selvmord-veilede-materiell-for-kommunene-om-forebygging>

www.regjeringen.no, www.orygen.org, #Chatsafe – en ung persons veiledning for å kommunisere trygt om selvmord på nettet:

<https://www.orygen.org.au/chatsafe/Resources/International-guidelines/Norway-%E2%80%93-Norwegian>

Folkehelseinstituttet/dødsårsaksregisteret:

<http://statistikkbank.fhi.no/dar/>

Vedlegg

Handlingsplan for førebyggjande arbeid 0 – 18 år, Hjelmeland kommune 2022 – 2026